

4. MAI



Fight all racism

نضال ضد كافة أنواع العنصرية.

میلی تمام حب کے خلاف جدوجہد کریں

Kamp mot all rasisme!

Her türlüırkçılığa karşı mücadele!

nr. 5 - 87

INNHALD

- S.1 Radaktørens kørner
- S.2-3 Oppsummering frå SLU - Sommarleirutvalet
- S.4 Bekjemp universitetssjåvinismen - Oslo ÅM
- S.4 Organisasjonsundersøkelsen - endring
- S.5 Vedtak Oslo ÅM om Hva må gjøres
- S.6 Om statsbudsjettaksjonane i haust
- S.7-8 Kva er folkevæpning
- S.9-10 Filosofien og dei politiske oppgåvene våre
- S.11 Kva meiner egentleg AKP (m-1)?
- S.12-15 Uttalelse frå SKAU i AKP
- S.16-19 Kan, vil eller har AKP skifta løp ?
- S 20-21 Historisk materialisme
- S 22-24 Tryggingsspolitikken
- S.25-28 Dogmatisme, nokre allmenne tankar og ein konkret kritikk
- S.29 Historisk materialisme held fram
- S.30-32 Presseklipp frå IRA innsamlinga med kommentar

Redaktørens kørner.

Nytt 4. mai - ny redaktør, for n'te gong den siste tida.

Som påtroppande ansvarleg vil eg gje ein del signal om korleis retningslinjer eg kjem til å følge og ikkje minst - prøve å få andre til å følge i tida som kjem. (I tillegg til dei som sto frå Sentralstyret i forrige nr.)

1. SVAR PÅ DEBATTINNLEGG.

Debattinnlegg som rettar seg direkte til "ansvarlege" det vera seg Sentralstyret, kvinneansvarleg, IK ansvarleg, SLU eller andre vil bli svarte på i same nr. så langt det lar seg gjera. (= send dei inn såpass god tid før dødlinja at det er praktisk mogeleg)

Andre debattinnlegg vil i utgangspunktet bli svarta på i neste nr., medmindre innsendar ønsker å få svarinnlegg i same nr. Gje beskjed om dette saman med innlegget!

Fordelen med å få svar i same blad er at debatten kjem fort vidare. (4. mai er ikkje dags eller vekeblad). Ulempen er at alle lesarane d å ikkje får same retten til "første"-svarinnlegg.



2. KAMERATSLEG STIL.

I dei siste utgåvene av 4. mai har det vore ein del overtramp. Fra og med neste nr. vil redaktøren stryke ting som ho oppfattar som ukameratsleg stil eller som på anna vis bidreg til å øydelegga debattklimaet. I dette nr. finst det eitpar grensetilfeller, skrivarane får sjølv stå til rette for dei om det kjem opp kritikk. I den graden det er mogeleg vil slik sensur skje i samråd med innsendaren.

3. SKRIV KORT - BRUK SVART FARGE BÅND

Også denne utgåva har innlegg som diverre er vanskelege å lesa avdi originalen var lysegrå!! Sjølv den beste kopimaskin må koma til kort, og resultatet er det beste eg fekk til etter prøving og feiling. Både innsendar og lesar vil tene på korte innlegg. + at fleire kjem til. Prøv å halda dykk på ei eller to maks tre sider. Send gjerne med illustrasjon. Det er utruleg så mykje ein kan få inn på relativt kort plass om ein skjerper seg...



ny dødlinje :: 23. oktober

Oppsummering frå Sommarleiren.

SLU har dratt eindel konklusjonar av arbeidet fram til leiren, som er oppsummerte til bruk for neste sommarleirutval. Vi vil ikkje gå inn i detalj på alt her, men kommentere nokre ting med denne leiren som skilde seg ut frå tidlegare.

Vi ser på deltakarane på denne leiren, så vi tala slik

- 5 % på leir for første gang
- 10 % på leir for 2 - 4 gang
- 5 % for 5. gang eller meir.

Det har ikkje vore ført statistikk tidlegare, men inntrykket vårt er langt fleire var "nye" enn på tidlegare leirar.

Del 1 av leiren var tenkt å vera først og fremst skolerande, slik at alle hadde eindel felles kunnskap å diskutera ut i fra. Slik ungerte etter SLU si mening og innleiinga og gruppediskusjonane.

Under del 2 hadde vi tenkt oss at "kunnskapen" frå del 1 skulle nyttast til å utvikle politikken vår vidare på jenter i høgre utdanning. Denne diskusjonen kom kortare enn vi hadde tenkt, trass ei topp innleiing. Dei store samsakene uteblei. Plenum del 2 var ikkje godt. Gruppene diskuterte ivrig "høna og egget" og "velg utradisjonelt", men gruppearopsummeringa synte at leiren hadde gjeve oss ein amla seg om eitt hovedsyn (med nyanseskilnader i amlafor synet). Ein valgte difor å ikkje ta opp desse diskusjonane opp i plenum. I staden vart det stilt spørsmål ved jentene sin situasjon i høgre utdanning. Debatten hoppa raskt direkte inn i ein meir intern prioriterings-

debatt for NKS (fagkritikk/økonomisk kamp). Plenum var lagt opp til å diskutere hovudsak med kvinnene sin situasjon; Er det studie-situasjonen (undervisningsformer, læremiddel, eksaemnsformer, pensum m.m.) som er "bøygen" eller den økonomiske (lån, barnehagar, bolig, stipend, særstipend m.m.)

Mange på leiren fekk ny innsikt i kor tett kvinnekamp og studentkamp er innfiltra i kvarrandre, men at det framleis er langt att før vi kan seia oss nøgde med at vi "har grepet". Det skal ikkje halda oss fra å gå ut i haust med dei diskusjonane vi har starta og se om jentene på faga våre har andre problemstill-

ingar, kva dei meiner om desse spørsmåla, og kva vi saman kan gripa fatt i.

Når det ikkje blei meir diskusjon under del to meiner SLU at det har samanheng med to ting:

- vi er kome for kort til at dei store motseiingane har utkrystallisert seg - ennå. Dersom det hadde vore klar usemje på sakene og ting ville det ha kome fram - uansett om spørsmåla hadde lagt opp til det eller ikkje, enten i gruppene eller på veggaviser/leiravis.
- oppsummeringane frå gruppene ga tildels uttrykk for at det fans usemje på områder som viste seg å vera skinnmotsetningar når dei vart tatt opp i plenum. Eller, som før nemnd, gruppene diskuterte seg fram til semje på dei sakene ein hadde trudd ville vera omstridde.

2.

Leirleinga var prega av at dei politiske fø-

PÅ SOMMARLEIR



rebuingane i stor grad hadde vore utafor SLU. Bakgrunnen for det var at store delar av SLU forsvann i løpet av sommaren (ferie/passivitet). Den gruppa som skulle arbeide ut innleiing 1 vart redusert fra 5 til 2 og det var på den tida Kjersti Ericson vart bede om å halda innleiinga. Sjølv om SLU diskuterte rundt problemstillingane, var det opplagt for lite diskusjon totalt. Det + at dei to som hadde arbeidd mest med denne sida var vekke delar av leiren gjorde at leirleinga var veikare i å drive dei politiske diskusjonane framover enn ønskeleg. Ei viktig oppsummering til neste år.

Innleiinga til del 2 vart skriven i Trøndelag, og framlegg til dei endelege problemstillingane vart først diskutert mellom innleiar og SLU like før leiren. Dette er altfor seint. Vi meiner erfaringen med å dele innleiingane er god, men kontakten mellom SLU og andre innleiarar må betrast.



3.

Den sosiale sida ved leiren var over all forventning. Kulturen blomstra, og folk trivdes, trass eit beinhardt program. Ein greidde å halda ein ikkje-ækterisk stil med omsyn til å dra interne diskusjonar inn i debatten, (kanhende med unntak av plenum del 2 ?) og så vidt SLU observerte og i forhold til "vanleg masselinjé." Gruppeleiarane spela ei viktig rolle her, men og innstillinga til leirdeltakarane.

Leirleinga ei tildels lite "proffe" haldning starta tildels i ultrademokrati, men skapte og ei "lett stemning".

For NKS trur vi dette var særskilt viktig, og eit godt grunnlag for å jobbe vidare saman.

Sjølv om diskusjonane går like hardt som før er det ein god ting, så lange ikkje personlege motsetningar lammar arbeidet.

4.

Det er ei rekke praktiske erfaringar vi kan lære av til neste år men vi vil nemne tre:

- Klar beskjed i begynnelsen av dagen om endringer i programmet, slik at pausar vert pausar og ikkje ørkeslaus venting.
- Betre spreing av seminarar.
- Truleg ein god idé å ha gruppeleiaroppsummering rundt leggetid. (Forutset at gruppeleiar ikkje har eineansvar for ungar).


Vi tek gjerne mot kommentarar på praktiske ting, men vil og minne om at sommerleiren er slutt sjøldet det ikkje diskusjonane

Fra Oslo ÅM:

BEKJEMP UNIVERSITETSSJÄVINISMEN !

Både debatten og de framlagte vedtaksforslaga på årsmøtet i Oslo NKS tar i hovedsak utgangspunkt i situasjonen ved UiO. Dette gjør at høgskolenes problemer og erfaringer kommer lite til syne, og viktige erfaringer blir ikke lagt til grunn i det videre arbeidet i rimelig grad.

Dette er en tendens som gjør seg gjeldende i NKS som helhet. Nettopp i Oslo er høyskolelaget er aktivt og sterkt, og vi har folk fra ledelsen i en viktig organisasjon, kan vi ha en mulighet til å prøve å rette opp dette forholdet. Dette fordrer at sentrale diskusjoner tar med høgskolevinklinga og at de som går på høgskoler deltar i debatten med sine erfaringer.



!!!!!!nbnbnbnbnBNBNBNBNBNBNbnbnbnbnbn!!!!

ORGANISASJONSUNDERSØKELSEN - EI ENDRING

Som dei som har åpna og sett på det grøne heftet som inneheld organisasjonsundersøkelsen har sett er det omfattande spørsmål både om syn på ulike saker - og eindel fakta.

Det er fordi vi vil nytte høve til å finne ikkje berre kva medlemmane meiner om ymse spørsmål, men og om samanhengar som klasse - studium - studielån - syn på undertrykking kjønn - studium - studielån - syn på undertrykking osv.osb.

NKS er ikkje større enn at for einskilde skole-slag/distrikt kan ein lett føle at ein "utleverer seg" når så mange opplysningar kan koplast saman.

Til det har AU kome fram til følgande:

1. Alle som handsamar dette har sjølvsgatt teieplikt.
2. Få folk skal samanfatte materialet, på kortast mogeleg tid og det vert øydelagt så snart opplysningane er registrert.
3. På side ein skal du ikkje skrive spesifisert studium eller lærestad/by. Skriv Skole eller universitet.

Dersom du vil, kan du evt. i tillegg skrive realfag/humanistiske fag/SV fag.

4. Rutiner for overlevering er klare. For å unngå at dokumenta blir liggande, hald fristene for innlevering og overlevering.

...

Ei påminning i tillegg utanom tryggingsspm.

Som det og er nemnd i grunngjevinga til skjemaet: ein treng ikkje svare på alt, og ein treng ikkje grunngje alt, om ein synest det er vanskeleg, sjøl om vi opplagt gjerne vil ha grunngjevingar for synet ditt, uansett om du meiner det er sjølvsgatt eller kontroversielt. Men: ikkje skriv "essay".

Oslo
ÅM:

HVA MÅ GJØRES?

NKS trenger eksternpropaganda, gjerne i form av en avis.

"Hva Må Gjøres" (HMG) er ubrukelig.

Stoffet er håpløst uaktuelt. Kommer ofte uker og måneder etter at det de kommenterer er blitt avleggs.

Lay-out og utseende er uspiselig kjedelig, og frister ingen ev. nysjerrige sjeler til å se nærmere på blekka.

Navnet er fullstendig uinteressant og usalgbart.

Denne trykksak leses omtrent bare av folk som har fått spesielt direktiv om det. Langt fra alle NKS-ere gidder lese den. Det beste som kan sies om HMG er at det er lenge siden den kom ut.

NKS har ikke råd til å holde igang en trykksak til inga nytte.

Men vi trenger ei skikkelig avis, som folk vil lese.

Den er viktig som ekstern propaganda. Den er viktig med tanke på hverving. Den er viktig som kollektiv og organisasjonsbyggende oppgave. (jmf. Klassakampens betydning for AKP). Hva har HMG bidratt med i disse tilfeller? Ingenting.

Forslag fx til utbedring i 4 punkter.

- 1) Navnet må smake av rødt, revolusjon, klassekamp, i tråd med Klassekampen, Røde Garde, Røde Fane. Gjerne provosere. Nedsett en navnekomite, utlys navnekonkurranse. Hva med Stalinposten?????
- 2) For å bedre utseendet må man ha mer pangoverskrifter, sensasjonsaktige og provoserende. Selve lay-outen kan man sikkert få hjelp til i KK om vi ikke klarer selv.
- 3) Hva med å inngå et samarbeid med KK og få blakke inn som midtsider der, samtidig med at den også trykkes opp løst så den kan selges til de som ikke kjøper KK? Slik en god del av RV's valgpropaganda har blitt presentert.
- 4) Så selger vi vår avis for 1 kr. eller 50 øre. Decker ikke trykkeriutgifter, men folk kjøper bare for prisen. Og det er mer sannsynlig at man leser noe man har betalt for.

Vedtatt; 93% for 7% mot

LNS har vedteke at dei skal ha aksjonveke i veke 43, som m.a. rettar seg mot statsbudsjettet. Landsomfevnande aksjonsdag er 22.10.

De utdanningssøkendes kontaktutvalg (der alle elev- og student-interesseorganisasjonane er representerte) røysta ned eit framlegg frå LNS om felles aksjon. LNS sender ut oppfordring til å slutte opp om og delta i aksjonane til alle interesseorganisasjonane lokalt. Alle NKS'arar som jobber i interesseorganisasjonane skal jobbe for å få politisk og praktisk gjennomslag for dette. Det skal og mobiliserast til aksjonen på allmøter og andre lokale møter på faget. Lokale paroler bør formast ut.

Nærmare informasjon frå LNS om aksjonsgrunnlaget og det konkrete opplegget blir send ut seinere til distrikta. Følg elles retningslinene frå haustplanen.

Tilsvarande beskje vil gå ut til alle RU'arar for å mobilisera breitt til aksjonen.

Arbeidsutvalet.

NSU møtet i Oslo har nå slutta seg til aksjonen. Dersom de får gjennomslag for å aksjonera så ring det inn til Klassekampen med ein gong, så det kan brukast av andre ! For argumentasjon, sjå og Kjersti Fiveland sitt innlegg i KK.

Red.

KVA ER FOLKEVÆPNING ?

Av ROBERT S.

I den nyss utkomne vervebrosjyra til NKS finn vi eit kapittel under tittelen "Folkevæpning mot krig". Her blir det heilt korrekt slått fast at fred ikkje "kjem av blomar, kvite duer eller marsjar i Moskva" og at "krig" er politikk med andre middel". Det blir peika på at det er det kapitalistiske systemet sjølv som fører til krig - eller rettare imperialismen og den ujamne utviklinga mellom imperialistmaktene. Det er òg heilt rett at pasifismen tjener imperialismen og er ein skadeleg ideologi for arbeidarklassen. Dette er fordi pasifismen ikkje godtar at det er 'rettferdig' å gjere opprør - om nødvendig med våpen i handa. Den som trur at det er muleg å gjere opprør og erstatta kapitalismen med sosialisme utan våppen kastar blå i auga på folk og fører arbeidarklassen til slaktebenken.

Vi les vidare og vi les oss ferdig med kapittelet og vi les heile brosjyra, men ikkje ein einaste stad blir det argumentert for folkevæpning. Tvert om blir det sagt at vi treng eit sterkt og uavhengig forsvar og at NKS meiner at eit vernepliktsforsvar er det beste vernet mot okkupasjon og fascistisk terror. Dette er eit gigantisk linjeskifte. Innhaldet i omgrepet folkevæpning er heilt fjerna. Meiner verkeleg NKS at eit vanleg vernepliktsforsvar og folkevæpning er synonyme uttrykk ? Har vi ikkje i så fall folkevæpning i Noreg i dag ? Svaret må bli JA. Vi kan ta ta for oss andre land og vil komme fram til at det er folkevæpning i land som Noreg, Sverige, Sovjetunionen og DDR, men ikkje i USA eller Storbritannia - berre for å ta nokre eksempel.

Om vi går nokre år tilbake vil vi sjå at marxist-leninistane la noko heilt anna i folkevæpning. Vi kan ta for oss AKP(m-l) og sjå på kva dette partiet har meint.

I Prinsipp-programmet frå 1976 heiter det :

"Det einaste verkelege vernet for det norske folket mot ein ny imperialistisk verdskrig er det våpna folket sjølv. Berre dette og aldri den reaksjonære hæren til dei borgarlege kapitulantarane er ei verkeleg pålitande kraft som kan verje landet mot alle åtak. Difor svarar AKP(m-l) på det auka trugsmalet frå dei to imperialistiske supermaktene ikkje med å krevja opprusting av det reaksjonære norske militærapparatet, men ved å gå inn for folkevæpning, og oppmodar proletariatet og det arbeidande folket til å få seg våpen og læra seg militærkunst." (s.130)

I Militærprogrammet frå 1979 - som framleis gjeld - står det :

"Derfor er det det våpna folket sjølv, som gjennom langvarig krig er den eneste krafta som vil kunne frigjere Norge fra okkupasjon og fremmedherredømme". (s.27)

"For å føre en sann krig, må det bygges opp folkets egne våpna styrker. Det er illusjonsmakeri å tru at den borgerlige hæren kan "omdannes" til en slik hær." (s.28)

"AKP(m-l) går inn for - og vil kjempe for folkevæpning.


Vi oppfordrer flest mulig arbeidsfolk til å ta del i de frivillige skytterorganisasjonene, og til å ta del i jakt og sportsskyting." (s.40)

Det er heilt klart i begge desse programma at folkevæpning er noko heilt anna enn den borgarlege hæren - vernepliktskår eller ikkje. Kvifor har NKS revidert dette ? Det er heilt klart at NKS driv med illusjonsmakeri og kastar blår i auga på folk gjennom å framstille den borgarlege hæren som eit vern om den nasjonale sjølvrådetretten.

Om vi skal gå nærmare inn på kva folkevæpning er, så er det heilt klart at både PP-76 og Militærprogrammet er ganske uklare. For Militærprogrammet sin del er dessutan pratet om folkevæpning meir oppgulp av gammal vane sidan hovudinnhaldet er at AKP tok feil i programmet frå 1976 og at AKP bør gå inn for å styrke det borgarlege forsvaret - ei løysing som blei avvist som tvers igjennom revisjonistisk i 1976. Lenin har skrive mykje om imperialismen og krig. I band 6 i Utvalde verk frå Oktober Forlag finn vi ein artikkel under tittelen "Den proletariske revolusjonens militærprogram" - s.171-182. Her avviser Lenin einkvar tanke om at kommunistane skal kreve opprusting av det borgarlege forsvaret - "sjøl i land som De forente stater, Sveits eller Norge" (s.180). I staden stiller han opp eit program for "Væpning av proletariatet for å slå borgerskapet, ta fra det eiendomsretetn og avvæpne det" (s.175).

"Vi kan kreve folkevalgte offiserer, avskaffing av all militærjustis, like retter for fremmedarbeidere og innfødte arbeidere(....). Videre kan vi kreve at enhver gruppe på 100 si, hundre innbyggere i et gitt land får rett til å danne frivillige sammenslutninger for militærtrening, med frie valg av instruktører som blir betalt av staten, osv. Bare under disse vilkåra kan proletariatet få militærutrustning for seg sjøl og ikke for slaveeierne sine," (s.180).

Vegen frå Lenin til NKS er i sanning lang. NKS sine vyer om folkevæpning tjener ingen andre enn kapitalen, dessverre.



FILOSOFIEN MÅ TENE DEI POLITISKE OPPGAVENE VI HAR FORAN OSS.

Dette var overskrifta Mao stilte opp då han behandla spørsmålet om marxistisk filosofi (dialektisk materialisme) i A CRITIQUE OF SOVIET ECONOMICS. Dette innlegget kan også sjåast som eit bidrag til debatten om temaet på Forbundsskulen til Nks.

Mao går i nemnde skrift til felts mot Stalin sin filosofiske metode, og viser at Stalin brukar ein deduktiv og ikkje analytisk metode: "Frå og med 2.kapitel er det stilt opp ein heil masse reglar. Analysen av den kapitalistiske økonomien i KAPITALEN startar med dei synlege fakta(framtrekksar) finner så det vesentlege, og først då brukast det vesentlege eller teorien til å forklare framtrekksane, lagar gjennom denne metoden effektive oppsummeringar og konklusjonar. Men teksten (til Stalin) utfører ingen analyse. Den startar alltid med reglar, prinsipp, lover, definisjonar, ein metode Marxismen-Leninismen alltid har gått imot. Hensikten med prinsipp og lover vere å gjera dei til gjenstand for analysar og undersøkingar - berre då kan prinsipp og lover utledast(brukast)." (s.73) Eg synes mange innlegg i 4.mai ber sterke preg av nettopp dette - å starte med allmenngyldige prinsipp og lover i motsetning til å starte med fakta:"Fagkritikk er viktig no" hevdast det, mens ein ikkje tek utgangspunkt i stoda i høgare utdanning idag - nemleg at Universiteta sin struktur står i fåre og studentane ikkje har tid(pga.deltidsarbeid) å kritisera innhaldet i faga. Fagkritikk er på sikt viktig - men må vurderast utifrå dei matrielle forholda. Mao skreiv ogso ein annan ting som NKS må ta alvorleg: "...den marxistiske filosofien til proletariatet er endå viktigare for å tene noverande politiske oppgåver. For Kina var Marx, Lenin og Stalin nødnendig lesning. Dette kjem først. Men kommunistar i eitkvart land og dei politiske filosofiske sirklane må skapa ny teori, skrive nye bøker, produsera deira eigne teoretikarar for å tene dei politiske oppgåvene som står foran dei. Ingen nasjon kan til ingen tid berre støtta seg til det som er gamalt..... No som vi har gått inn i den sosialistiske perioden har ei heil rekke nye problem dukka opp. Om vi ikkje møter nye behov, skriv nye bøker, gjev form til ny teori - duger det ikkje!" (s.115)

6

For å sjå dette i forhold til NKS; Har dei matrielle forholda i høgare utdanning endra seg? Kva med deltidsarbeid, vitenskapen si endra stilling i samfunnet, auken av oppdragsforskning mm. - alt dette sett i lys av omstillinga i samfunnet generellt. Vi har utvikla ein del teori på dette i det siste, som td. Kinner i høgare utdanning, men på langt nær nok! Dessutan må vi få dette ut i studentmassen - allmøter! Ny teori - nye hefter - HMG osv. ellers som gamle Mao sa, duger det ikkje!

Eg meiner vi har for lite teori på staten sin strategi for høgare utdanning. Vi manglar analyse på td. korleis omstillinga i produksjonen med utvikling av ny teknologi for å automatisera og rasjonalisera vekk arbeidsplassar. Teknologien som det nye våpenet til borgarskapet idag. Dei intellektuelle trengst for å gjennomføra denne omstillinga! Her trengs det Fagkritikk! Vi må sjå omstillinga i høgare utdanning i samband med det som skjer i produksjonen i eit heilskapleg perspektiv.

Gudmund.



Linoleumsnitt av Den Fjerde Marsch

KVA MEINER EIGENTLEG AKP (m-l) ?

AV ROBERT S.

I partiet sine Vedtekter heiter det :



"Rød Ungdoms og NKS' ledende organer og grunnorganisasjoner skal ha gode og nære forbindelser med partiorganene på alle plan, oppsøke dem, be om hjelp fra dem og sjøl hjelpe partiet under partiorganenes ledelse, få råd fra dem og sjøl komme med forslag til dem og øve kritikk og sjølkritikk sammen med dem." (§ 20)

Partiet må særskilt ta seg av studiearbeidet, arbeidet med å fostre medlemmer med tillitsverv og hjelpe dem til å skolere seg, arbeide for å hjelpe ungdomsforbunda med å utvikle det indre livet, de indre diskusjonene og kampen mellom to linjer, (....)

Partiorganer må raskt behandle henvendelser fra organer og medlemmer i Rød Ungdom og NKS. AKP (m-l) må høre på kritikk fra Rød Ungdom og NKS, sjøl oppsøke og innsamle slik kritikk, slå ned på alle tendenser til å undertrykke og avvise rettmessig kritikk." (§ 21)

På bakgrunn av dette vil eg stille nokre spørsmål til partiet - og da fortrinnsvis partileiinga :

1. Kva meiner AKP om utviklinga i NKS ? Særleg er det interessant å få vite kor partiet står i dei linjekampane som har rast i NKS og som no har ført til at nokre medlemmer i Oslo, deriblant ei offentlig talskvinne for NKS, har meldt seg ut.
2. Kva meiner AKP om innlegga til Anton og Anne-Lise i 4. mai nr. 4 1987 ? Desse innlegga stiller seg svært kritiske til utviklinga i ml-rørsla i dag og det er ein skandale om ikkje partiet har ei meining om dette.

UTTALELSE TIL NORGES KOMMUNISTISKE STUDENTFORBUND

Fra sentralkomiteens arbeidsutvalg i AKP(m-l).

Bakgrunnen for uttalelsen er at det finnes en del store uenigheter i NKS som kom^{me} under landsmøteforberedelsene, og som i tiden som har gått etter landsmøtet, ikke har blitt noe mindre.

NKS er AKPs studentorganisasjon, som er oppretta for å drive kommunistisk arbeid blant studenter. NKS har ikkexarbeidsfel~~se~~ intellektuelle generelt som sin målgruppe, men spesielt ungdom og andre under høyere utdanning. Dette innebærer bl.a. at NKS må utvikle særegen politikk for studenter. Det dreier seg om å utvikle en politikk, i tråd med m-l-begelsens generelle politiske program, for områder som er spesielle for universitetene og høyskolene, for eksempel interessekamp og fagkritikk. Det dreier seg også om å jobbe med mer generelle politiske saker blant studenter, f.eks. anti-imperialisme, l.mai-mobilisering, kvinnekamp, KK osv., og å tilpasse disse arbeidsfeltene til sin målgruppe - studentene.

KOMMUNISTISKE INTELLEKTUELLE

Intellektuelle er en viktig målgruppe for partiet. En ytterst liten gruppe av intellektuelle vil gå inn i posisjoner hvor de^{dyrkte} produserer ideologi som opprettholder borgerskapets makt. De største gruppene av intellektuelle går inn i undervisning, offentlig og privat administrasjon, helse- og sosialsektoren, organisasjoner og noen til det private næringsliv. De aller fleste går inn i underordnede stillinger. De fleste vil få en middels inntekt, f.eks. viser nyere beregninger at en lektor vil bli mer enn 50 år før han i livslønn tar igjen en gjennomsnittlig industriarbeiderlønn.

Alment kan det sies at kapitalismen, og borgerskapet, har behov for høyt utdanna arbeidskraft, og mange gjør jobber som er nødvendige for at kapitalismen skal rulle og gå. Dette gjelder f.eks. både sosialarbeidere og konsulenter i Justisdept, men ingen av disse produserer ideologi som opprettholder kapitalismen. En gruppe av intellektuelle står i en posisjon hvor de til en viss grad kan velge hvem de vil tjene. Det typiske eksempelet er forskere. I tillegg må det nevnes at en del forskning, spesielt samfunnsforskning, i seg sjøl er systemkritisk, fordi den orienterer seg mot problem^a i samfunnet, og derfor vil avdekke feil

Studentene på universiteter og høyskoler utgjør ingen enhetlig gruppe. Dette gjenspeiles både i klassebakgrunn og i valg av utdanning, det finns f.eks. typiske "karriere-utdanninger og mer yrkesretta utdanninger. Store deler av studentmassen er en viktig gruppe å drive

kommunistisk arbeid blant. Revolusjonære intellektuelle - intellektuelle som har valgt side for arbeiderklassen og bruker sine kvalifikasjoner i kampen for et bedre samfunn - er en ressurs for partiet og arbeiderklassen. NKS må ha som et av sine viktigste mål å fostre kommunistiske intellektuelle, og diskutere hva det betyr i praksis. Det er en mer fruktbar diskusjon enn å diskutere om NKS skal være mer kommunistisk eller mer intellektuell.

INTERESSEKAMP OG FAGKRITIKK

Interessekampens plass i NKS sitt arbeid bestemmes etter en konkret avveining. Ingen av delene er hverken en spesielt høyverdig eller minderverdig form for klassekamp. Det kan tenkes at NKS ikke bør drive hverken med det ene eller det andre, men tvert i mot konsentrere alle kreftene om anti-imperialistisk arbeid (for eksempel). Men dette vil vær unntaksvis. NKS må bry seg med det som angår studentene direkte, enten det gjelder studentvelferd, utdanningssituasjon eller faget. Det gir neppe tillit om vi overlater ~~kampene~~ den dagligdagse kamparenaen til andre. Det har alltid vært kommunistenes linje å mobilisere folk til å slåss for egne krav.

Når interessekampen har vært en av det dominerende arbeidsoppgavene for NKS i 80-åra, skyldes det at staten hele tida har trappa opp angrepene både på utdanninga, på studiefinansieringa og på studentvelferden. Og studentene har priodevis i 80-åra blitt mobilisert både mot Einar Førde, mot Halvar Bakke og til betalingsboikott mot økte husleier. NKS' ik-politikk har hatt, og har, et langt videre plattform enn økonomisk forsvarskamp. Det har bl.a. dregt seg om å ta stilling til om det skal være samfunnsfagundervisning på mat.nat. (obligatorisk), om å vinne et mandat til Studenttinget bla. fordi vi er mot Sovje i Afghanistan, eller som nå, å ~~fokusere~~ fokusere på kvinneperspektivet i interessekampen. Interessekamp er økonomisk kamp, men det er også mye mer.

Fagkritikk og ideologisk kamp på fagene er en utmerket sjanse til å drive klassekamp på universitene og høyskolene. Det kan naturligvis også være en politisk overbygning for å pleie sin egen faglige karriere. NKS har alltid slåss mot SVs og Sos.Fronts fagritikklinje, som har opphøyd fagkritikken til den eneste form for kamp studentene kan delta i. Særlig har NKS vært i mot at NSU, som er studentenes fagforening skal ha som hovedoppgave å drive med fagkritikk., forøvrig en fagkritikk som befant seg godt innafor systemets rammer og som først og fremst hadde som funksjon å gi SVerene øvelse i å skrive utredninger og Stortingsmeldinger.

Eh av grunnene til at NKS har drevet lite systematisk fagkritikk, er at fagene og utdanningene er såpass forskjellige at fagkritikken vanskelig kan bli en samlende oppgave, og at forutsetningene for å drive med fagkritikk er forskjellig på de ulike fagene og skolene. Men hvis NKS klarer å legge en plan for hvordan forbundet skal drive med denne typen arbeid, ville det bety en styrking av organisasjonen.

SKAU støtter hovedlinjene i høstplanen og prioriteringene i den, som sentralstyret har lagt fram. Det virker fornuftig at både interessekamp, med tanke på nye angrep og store aksjoner i forbindelse med Statsbudsjettet, og verving er de viktigste oppgavene. Det er nødvendig å skolere folk i marxismen, som f.eks. er den eneste meningsfulle plattform å drive fagkritikk på. Det som mangler i planen er samkjøring med partiet på saker som åpenbart burde være viktige for hele m-l-bevegelsen, de mest nærliggende eksemplene er Stortingsvalget og arbeidet med Klassekampen. Disse oppgavene er nevnt i planen, men har langt fra fått den vektlegging som står i forhold til den betydninga de har i vårt politiske arbeid.

BEHANDLING AV UENIGHETER

Uenighetene på en del saker som dukka opp i NKS like før landsmøtet, har ført til en splittelse og noen har meldt seg ut. For utenforstående er det vanskelig å se at uenighetene skulle ha utvikla seg så raskt i feil retning etter landsmøtet, at det skulle føre til utmeldinger allerede et halvår etter. Særlig ledelsen som sitter med hovedansvaret for utviklinga av organisasjonen, vil ha nytte av å oppsummere hvordan uenigheter takles og av hvordan kaderbehandlinga i forbundet er.


Noen nyttige problemstillinger i undersøkelser om kaderbehandlinga: Blir medlemmenes innsats vurdert over tid, over lengre perioder. Det er viktig å vurdere medlemmenes innsats i flere kategorier enn antall timeverk og antall produserte sider. Det er viktig å se at medlemmene kan bidra i det politiske arbeidet på flere forskjellige måter. Medlemmer som er mer opptatt av faget og kanskje bruker mindre tid på sånne ting som standsvirksomhet, kunne f.eks. få i oppgave å utvikle arbeidet med fagkritikk. Hvordan vurderes arbeidet? Det er minst like viktig å se på hva folk har gjort og gi ros for det som er bra, som å påpeke hva folk ikke har gjort.

Når uenighetene er store, er det viktig å være romslig i behandlinga av både folk og diskusjoner. Det betyr ikke å se bort fra vedtektene og vanlig organisasjonspraksis, men tvert i mot må alle

parter batrebe seg på å følge disse, bl.a. for å unngå fraksjonering som bare vil lage nye problemer og motsigelser.

SKAU tar klart avstand fra utmeldingsaksjoner av den typen som har forekommet i NKS i høst. Det er også vanskelig å se at uenighetene skulle resultere i utmeldinger, når disse vurderes ut fra det skriftlige materiale som foreligger fra landsmøtet, årsmøtet i Oslo og en del debattinnlegg. NKS er en masseorganisasjon med en gjennomsnittlig medlemsrotasjon på underkant av 3 år. Organisasjonen bør kunne romme mange ulike standpunkt både til fagkritikk, til interessekamp, kvinnekamp og andre saker. Uenigheter må dicsuteres på en kameratslig måte, med målsetting å utvikle de politiske linjene og å komme fram til enhet i en del spørsmål.

Oslo 24.september 1987
SKAU/AKP(m-1)



KAN, HAR , eller VIL AKP skifte løp?

3 innlegg i 4.mai nr.4 kritiserer AKP's nøytrale linje. Den nye studieteknikken har eg ikkje lese, så den skal eg avstå frå å kommentere. Men Antons 8-punktskritikk er verd ein kommentar, Mari S' stiller og ein del in teressante spørsmål.

Først til Anton: Eg er samd med deg i kritikken av Kalle at alt ikkje er bra i partiet og alt røva i NKS. Det er krise i partiet, den har vart sidan slutten av 70-åra. Men ho er ikkje slik som du framstiller det. Krisa i partiet har mange element, men her vil eg nemne nokre av dei sentrale:

-Ei grunnleggjande eksistensiell krise, d.v.s. tvilen på om vi har nokon eksistensberettigelse- altså om vi er i stand til å vekse og leie arbeiderklassa mot revolusjon i det rike og sosialdemokratiske Norge.

-Mange av dei leiande folka i partiet har halde på i 10-15 år og er slitne.

-Partiet er framleis dominert av intellektuelle og andre småborgarar. Arbeiderandelen er under 40% (eg kjenner ikkje det eksakte talet i dag). Det er ein intellektuell kultur i partiet som gjer at nye medlemmar går ut att, særleg arbeidarar finn seg ikkje til rette. I tillegg kjem dei vanlege hindra arbeidsfolk må slåss i mot når det gjeld politisk aktivitet.

-Partiet manglar politikk på ein del sentrale områder som t.d. miljøvern, ein meir konkret argumentasjon for kommunisme på jorda o.l.

Når AKP trass i problema likevel er eit av dei få overlevande m- l-partia i Europa, skuldast dette at AKP har ein del viktige kvalitetar; her vil eg trekke fram slike ting som:

-AKP evna å kome seg ut av læreinstitusjonane, inn i arbeiderklassa og slå rot der. Masselina og det å leve same liv som folk flest, er framleis ei sterk side. Rett nok har ein del hoppa av og gått tilbake til sine intellektuelle syslar, men det har ikkje rokka AKP som eit parti innretta på arbeiderklassa, sjøl om arbeiderprosenten må bli høgare.

-AKP har evna å tenkje nytt og dristig: utvikle ny politikk utan å fjerne seg frå det revolusjonære grunnlaget. Sekterisme, gamle dogmer og firkanta stil har blitt tene oppgjer med og partiet har i dag ei viss sjølkritisk evne. Mykje av det nye dei siste åra har blitt utvikla av jenter og dermed usynleggjort. AKP's analyser- og kvinneperspektiv er unik i verdenssamanheng og heilt nødvendig dersom vi skal greie å leie arbeiderklassa. Desverre er det endå få folk som har forstått den enorme betydninga av politikken som er blitt utvikla på dette området. I 80-åra har AKP m.a. avhalde 2 store konferansar - 3.verden- konferansen og kvinnekonferansen med c.a. 1000 deltakarar på kvar. Ingen andre parti i Norge får til noko liknande. Fel ikkje slike ting, kammeratar? I partiet er det i dag eit klima for open debatt der folk torer å seie det dei meiner, og folk torer utvikle nye analyser og linjer. Den gamle stilen med steinhard linjekamp der stemping og plassering av folk i "basar" pregar ikkje lenger partiet, heldigvis. Ein kan i alle fall ikkje seie at NKS utmerkar seg med eit slikt gunstig debattklima. I NKS er det ikkje uvanleg med prestasjonsangst og at folk ikkje torer snakke fritt. Dersom partiet skal overleve som revolusjonært arbeiderparti, må ein med same beiløp og bein og analysere

heile situasjonen og legge om kursen der det trengs. Eg trur det er dette som er på gang i partiet no. Flott, utmerka! Men i NKS blir dette møtt med mistru og redsel.

- AKP er i stand til å bygge seg opp på massebevegelser og leie dei. Den faglege politikken og kampen for arbeidsplassane, kampen for 6-timersdagen, barnehagar, mot porno etc. - er døme på bevegelsar som AKP leiår og byggjer sin eksistens på. Kva trur de f.eks "Aksjon Ytringsfrihet" hadde blitt utan partiet?

Så til Antons 8-punktskritikk. (Ein del av det er nesten ordrett avskrift av utmeldingsbrevet til "Venstrefraksjonen" som gjekk ut i 84, men det er kanskje berre ein tilfældighet?)

1. Kinadebatt er eg heilt for. AKP's standpunkt er vel omtrent som så at Kina har vore sosialistisk og er det inntil det motsette er bevist. Einig i at dette er sløvt. Men det er ikkje så avgjerande for partiets eksistens som du vil ha det til. Det er lenge sidan at forholda i Kina spela ei avgjerande rolle i partiets liv.

2. "Å hevde at væpna revolusjon må vere ei defensiv handling er ei opportunistisk linje". Heilt ueinig. Revolusjonar oppstår fordi undertrykkinga blir så uthaldeleg at vanlege fredelige midlar ikkje fører fram. Bruk av våpen er siste utveg etter at alt anna er prøvd. Når vi går inn for væpna revolusjon, er det fordi all historisk erfaring tilseier at ein slik situasjon vil oppstå der borgarskapet vil bruke våpen for å halde folk nede og der siste utveg for folket er å ta opp geværet for å ta slutt på tyranniet.

Sjå på El Salvador: Den væpna kampen der oppstod som følge av at dei svære massebevegelsane i 50 og 60 åra vart møtt med kuler og batongar.

Sjå på AZANIA (Sør Afrika): Biskop Tutu byrja ikkje å samle våpen i kjellaren ein gong i 50-åra fordi han visste at dagens situasjon ville kome. 50 års sivil motstand har gang på gang blitt drukna i blod. Den væpna frigjeringskampen, som er einaste løysing på problemet, vil kanskje medføre at fleire millionar svarte blir drept eller må flykte. Dersom du var svart politiskar i Azania, ville du ikkje venta i det lengste med å sette i gang eit slikt blodbad?

Eg meiner at AKP's prinsippprogram her har ei rett linje og at dine "offensive handlingar" vil isolere oss frå massebevegelsen og føre til nederlag.

3. Fri og Uavhengig Fagbevegelse (FUF): "Partiet går prinsippielt i mot samkvem mellom parti og fagrørsla". Kva meiner du med samkvem? AKP er ikkje i mot samarbeid mellom fagforeiningar og parti. Derimot viser erfaringa både frå LO/DNA-ekteskapet og fagrørsla i Aust-Auroa at organisatorisk og politisk binding til staten, parti eller andre er ei dødslinje for fagrørsla. Ei fagforeining er ein reiskap for å ivareta mediaemane sine interesser. Det er viktigaste føremålet med ei fagforeining både under kapitalismen og sosialismen.

4. "Linjespørsmål blir avgjort i frontane". Ja, eit problem, men problemet er stort og for ein del av sidan. Laga og leiinga i

partiet har teke tilbake ein del av innflytelsen over politikken som forsvant under dei langvarige interndiskusjonane i 79-80-81.

- "RV har ein sosialdemokratisk skattepolitikk"??? Eg forstår ikkje kva du meiner med denne påstanden, kan du konkretisere han med dømer?

5. "BMV og Kjell Høybråten". Som hovudlinje er AKP mot slik overtaking av bedriftene som på BMV, men dette må vurderast konkret frå sak til sak. Eg veit for lite om BMV til å kunne seie om det var rett eller feil der. Når det gjeld Kjell Høybråten, så kom han frå ein borgarleg familie, vart AKP'er, jobba på BMV, vart klubbleiar og gjorde ein god jobb, hoppa av og vart direktør, og dett var dett. Sjøl om eg trur AKP støtta overtakinga av bedrifta, så var det trass alt fleirtalet av arbeidarane som vedtok det. Påstanden om at dette er "eit grovt døme på sprikande praksis", er for lettvtint.

6. "Passive medlemmar og lag - større problem enn i NKS". Det siste tvilar eg sterkt på, men aktiviteten er variabel i partiet og. For 2 år sidan sette leinga i verk ei langvarig kampanje for å oppvurdere grunnorganisasjonane si rolle, etter at desse hadde blitt forsømde i lang tid. Dette førte til ei viss betring, men var tydlsegvis ikkje tilstrekkeleg.

7. "Ungdomsarbeidet forsømt" - heilt einig.

8. "Sikkerhetsarbeidet forsømt". Ueinig. Den overdrivne vektlegginga på sikkerheita samsvarar ikkje med den verklegheita vi er i. Dessutan er mykje av det strutsepolitikk og falsk trygghet. Men eg meiner at det er rett å legge meir vekt på det i Oslo enn andre stadar fordi leinga i AKP, RU OG NKS fins der, og hovudkvartera til SIFU, CIA og KGB. Den konkrete kritikken av kontoret tykkje eg verkar noko "søkt". Korleis ein f.eks. skal kunne drive eit partikontor i dag utan bykje bruk av telefon, er for meg ei gåte.

Anton konkluderar med at "hovudsida er krise og tilbakegang i partiet." Det er mogleg, men du har ikkje ført bevis for at det er slik. Eg er som sagt einig i at det er krise i partiet, men det er mykje positivt og, det er meir positive ting som skjer der enn i NKS for å seie det slik.

Mari S. fører til torgs ein del av same argumenta som Anton, men har i tillegg ein kritikk av RV. "RV utvikler seg i sosialdemokratisk retning, driver overbudspolitik" etc. Det er eit jævlig hardt press på RV-representantane i kommunestyra for å gjøre dei ansvarlege og akseptere systemet. Ein kan ikkje forlange at RV'arar alltid gjer det einaste rette, men i hovudsak meiner eg vi har greidd å bli den einaste reelle opposisjonen, det einaste partiet som avslørar korrupsjon o.l. Og vi viser gjennom konkrete dømer at stat og kommune ikkje er reiskapar for vanlege folk. Men denne forståinga oppnår vi ikkje gjennom å skrike "borgarskapets diktatur" på kvart kommunestyremøte, men gjennom laengvarig og tolmogig arbeid, gjennom å trekkje folkeaksjonar med på kommunestyremøta, framføre dei ra krav etc. Les Erling Folkvords bok "Det store pensjonistranet" - utruleg avslørande og lærerik, eit døme på korleis RV er på sitt beste.

At RV driv overbodspolitik er eit inntrykk også NRK prøver å spreie når vi peikar på statens gigantomane overskot og formue i 100 milliardarsklassa. RV er uansvarleg og har ikkje økonomisk dekning for våre gode forslag etc. Er du einig med NRK's framstilling, Mari, eller kva meiner du med overbodspolitik?

AKP har tidlegare vist at partiet er i stand til å skifte løp. Partiet har og greidd å ta oppgjør med dogmatismen og brukar marxismen som den kritiske vitenskapen den er. Denne evna meiner eg er eit sunnheitssteikn til partiet. På den andre sida fins det ein tradisjon i m-lbevegelsen på overslag under slike kursendringar og ein tendens til å fremje lettvinde sesam-sesam-løysingar. Det vil også kome fram under den nystarta debatten. I staden for å mistenleggjere heile debatten, må NKS'arar kaste seg inn i han.

Halldor



HISTORISK MATERIALISME.

På sommarleiren til NKS ifjor hevda nokon at omforminga av produksjonsforholda under sosialismen hindra ei utvikling av produktivkreftene. Dette synet står i motstrid til all erfaring frå Sovjet og Kina. Innføring av sosialistiske produksjonsforhold (eigendom) førte i periodar til ei utvikling av produktivkreftene som var langt overlegen kapitalistiske land. Problemet var at ein ikkje endra produksjonsforholda nok! Dei formelle økonomiske eigendomsforholda vart endra - men ikkje, i vesentleg grad, arbeidsdelinga ånd/hand, relasjonane mellom folk i produksjonen. I Sovjet nytta ein td. ukritisk vestleg rigid Tayloristisk arbeidsdeling. Kulturrevolusjonen i Kina var eit unntak - men førte desverre ikkje fram mot dei kontrarevolusjonære kreftene.

I eit svært innhaldsrikt avsnitt viser Mao korleis forholdet mellom produktivkrefter og produksjonsforhold utviklast:

" Frå eit verdshistorisk synspunkt, kom dei borgarlege revolusjonane før - ikkje etter, den industrielle revolusjonen.... Borgarskapet endra først overbygninga og tok over statsmaskineriet for å få verkeleg styrke. Berre då kunne dei sette inn store endringar i produksjonsforholda. Etter det vart vegen opna for utvikling av produktivkreftene. Rettnok, er revolusjon av produksjonsforholda betinga av eit visst nivå på produktivkreftene, men store utviklingar av produktivkreftene kjem alltid etter endringa av produksjonsforholda. Sjå berre på den historiske utviklinga av kapitalismen. Først kom enkel kooperasjon(kapitalen underlegg seg formellt eigendomsforholda dvs. økonomisk- mens sjølve arbeidet er præga av føydale relasjonar/arbeidsdeling - handverksproduksjon - og dette skjer alt innafor den FØYDALE produksjonsmåten, min anmerking), som utvikla seg til handverksverkstader. På dekke tidspunkt tok kapitalistiske produksjonsforhold allereide form - men verkstadene produserte utan maskiner. (Den borgarlege revolusjonen skjer ikkje utifrå at produktivkreftene "sprengjer" seg fram, men utifrå endra produksjonsforhold, min anm.) Denne form for kapitalistiske produksjonsforhold opna behovet og mogeligheten for teknologisk utvikling - ved å skape betingelsane for bruk av maskineri. I England vart den Industrielle Revolusjonen(overgangen 1780-1840) gjennomført berre etter den borgarlege revolusjon(1600-talet)....

Til tross for at det er visse forskjellar mellom den borgarlege og den proletariske revolusjonen (det fins ikkje sosialistiske produksjonsforhold før den proletariske revolusjonen, mens dei kapitalistiske produksjonsforholda starta å springa fram allereide under føydalismen) - er dei i hovudsak like." (Mao: A Critique of Soviet Econ.s.66)

Det Mao hevdar her er at etter den sosialistiske revolusjonen må produksjonsforholda først endrast, dvs. eigendom over produksjonsmidla (reidskap, maskiner mm.), relasjonane mellom menneka i produksjonen, ånds- og kroppsarbeid og distribusjonssystemet. Ein kan ikkje "venta" med å starta endring av desse forholda til produktivkreftene har utvikla seg, slik som bl.a. Pål Steigan har hevda. Det er akkurat det som er politikken til produktiv-kraftteoretikarane og revisjonistane i Sovjet og Kina idag - der sosialistiske produksjonsforhold berre fins i form av eigendomsforhold, og den kapitalistiske arbeidsdelinga består. Arbeidarklassen si makt over produksjonen er vorte ein saga blott... Steigan sitt syn - at etter den sosialistiske revolusjonen er det ei motsetning mellom å endra produksjonsforholda og utvikla produktivkreftene. Dette er ein kunstig motsetning. Ei endring av produksjonsforholda (ikkje berre eigendomsforh.) vil tvert imot frigjera produktivkreftene i umåteleg grad - og raskare enn kapitalismen. Dette var då ogso Mao sin parole under kulturrevolusjonen; "Grip revolusjonen og fremje produksjonen".

I debatten om den historiske materialismen har Per Lund (E.Kielland) på ein framifrå måte avslørt den mekaniske eller teknologiske determinismen. Den mekaniske materialismen ser produktivkreftene som "nøytrale". Dette pregar ogso vår studiebok: "Basis er samfunnets økonomiske struktur, og utgjerast av summen av produksjonsforholda. Produktivkreftene

NKS OG TRYGGINGSPOLITIKKEN

- AV RICHARD S.

På slutten av forige semester blei det sendt ut ein ny tryggingsinstruks med grunngjeving og spørsmål til diskusjon i NKS. Grunnen til dette var at den "gamle" instruksen frå 1984 var for uklar på einskilte område og at han var for lite kjend/diskutert i organisasjonen. Samstundes tok han ikkje opp det som er dei viktigaste problema med tryggingspolitikken vår no, -den stadig meir ukritiske bruken av telefon i politiske samanhengar.

I samband med at den nye instruksen skulle bli vedtatt, blei desse spørsmåla diskutert i Sentralstyret. Det er bra, og det er med bakgrunn i dette at det blei vedtatt å sende ut ei grunngjeving og eit diskusjonsopplegg saman med instruksen. Det er viktig å reise diskusjon kring tryggingspolitikken vår no, da han ikkje er blitt gjennomdrøfta i organisert samanheng på fleire år, og NKS no har mange nye medlemmar. Difor har SU vedtatt i Haustplanen at dei laga som ikkje hadde ein diskusjon om tryggingsinstruksen og tryggingspolitikken generelt, i vår, skal gjennomføre det i haustsemesteret, som eit punkt på eit eller fleire lagsmøte. (Eller som hovudtema på eit lagsmøte) Instruksen, med grunngjeving, må bli tatt opp og diskutert med alle nye medlemmar.

Dei uttala motseiingane mot tryggingspolitikken til NKS har ikkje vore så store sjølv om praksisen i Forbundet jamnt over er ganske dårleg når det gjeld dette. Dei motseiingane som har kome fram, går ut på at han er "urealistisk", "stiller alt for høge krav til folk", "umuleg å gjennomføre", osv. For å sette desse tinga inn i sitt rette perspektiv, så er det dei same tinga Jahn Arne Olsen kjem inn på i KK 29.7/87. Det er mykje av det han serverer der som etter mi meining "luktar riktig ille", men her skal eg berre trekke fram det han skriv om tryggingspolitikk: "Partiets sagnomsuste sikkerhetspolitikk er begrunnet med hensynet til å verne medlemmene og organisasjonen mot SIPO, KGB og CIA, og for å kunne holde organisasjonen intakt i tilfelle invasjon eller fascistisering/fascist-kupp i Norge. Men fungerer ikke denne linja

som anstaltmakeri og som et hinder for en åpen og fri debatt i partiet, og som et hinder for å nå breiere ut?"

Noko som gjeld alle politiske spørsmål er at det kan vere vanskeleg å omsetje dei i praksis, særskilt om dei ikkje er gjennomdrøfta og grunnane ikkje er klargjorte. Ein tryggingsspolitikk slik vi (skal) praktisere(r) han, kan gjere det tungt og byråkratisk å formidle innkallingar, kan gjere det vanskelegare å arbeide politisk for oss. Han kan og medverke til at vi ikkje kjem fullt så breitt ut med politikken vår og at borgarpressa stemplar oss som paranoide.

Men noko som er meir interessant her, og som verken J.A.O. eller andre har kome inn på, er følgande: Kva for alternativ finst? Kvifor er det evt. så spesielt vanskeleg å gjennomføre ein tryggingsspolitikk no?

Om vi fortsatt skal vere ein organisasjon som vil skape eit heilt anna samfunn, proletariatet sitt diktatur, og slik "legge oss ut med" heile det etablerte borgarlege samfunnet, så kan i alle høve ikkje eg sjå noko alternativ til ein politikk som vernar flest muleg av medlemmane i organisasjonen mot overvaking og forfølging frå borgarskapet si side. Og kva er så ulikt mellom 70-åra og 80-åra? I første rekke to ting:

- a) Den revolusjonære rørsle i Noreg og Vest-Europa elles er langt svakare og klassekampen meir i "ebbe".
- b) Store teknologiske framsteg og nyvinningar gjer politisk overvaking langt enklare. T.d. datasentralar som har potensiale til å avlytte tusenvis av telefonar samstundes, avanserte 2 kgs. berbare peile-apparat som kan avlytte ein samtale i et særskilt rom på mange hundre meters hald, datasentralar i bilar som kan spore opp, via bilnr., alle personalia til bilen sin eigar og alle stadene kor han har parkert dei siste månadene. Dette siste utstyret har bl.a. vore mykje og effektivt nytta i Nord-Irland.

Kva for politiske skilnader finst elles mellom 70- og 80-åra? Ingen, i alle fall m.o.t. framferda til overvakingspolitiet og borgarskapet si vilje til å halde på makta. Døme på dette er Høgsterett sin dom i Lysestøl-saka, E. Folkvord som hørte ein tidlegare samtale og sin eigen stemme da han skulle ta ein ny telefonsamtale, politiet si framferd overfor demonstrantar i Oslo denne våren. (Med hjelp av "bombemannen" og ny-nazisten Kyvik)

Ein metode som vil fjerne dei praktiske problema som tryggingspolitikken kan skape for oss, er at politiske avtalar blir halde og at arbeidet vårt blir planlagt godt. Det er når desse tinga skjærer seg at tryggingspolitikken blir "eit problem". Det er ved å diskutere tryggingspolitikken og korleis vi kan betre praksisen vår at vi kan forstå betre kva for verdi tryggingsinstruksen har.

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON:

- 1) ER DET NAUDSYNT FOR NKS Å KUTTE UT TRYGGINGSPOLITIKKEN FOR Å GJERE DET POLITISKE ARBEIDET ENKLARE?
- 2) TRENG VI EIN TRYGGINGSPOLITIKK. ELLER ER IKKJE DETTE NAUDSYNT AV DI DET IKKJE ER NOKON FARE FOR KRIG OG/ELLER POLITISK FORFØLGING?



Agenter fra SIPO under en demonstrasjon 10. februar 1971 etter USAs invasjon i Laos. Aktive motstandere av USAs krigføring i Indo-Kina registreres som potensielle landsforrædere. Kjenner leserne navn på noen av agentene?

DOGMATISMEN, NOKRE ALMENNE TANKAR OG EIN KONKRET KRITIKK

Det fins ein dogmatisk og venstresekterisk tendens i NKS. Denne har overlevd i NKS heile tida sidan AKP og R.U tok eit oppgjør med dogmatismen på slutten av 70-talet. Sekterismen fins framleis i desse organisasjonane, men får i hovudsak ikkje dominere slik han gjer i NKS. Dei verste venstresekteristane gjekk ut av partiet etter landsmøtet i 81. I partiet har det skjedd ei viss nytenking og utvikling av marxismen (f.eks. kvinnespørsmålet), og på analysa av den norske verklegheita. NKS kan nok halde fram som det stemmer ei stund til utan å ramle heilt saman, tilgmed ha framgang. Mange NKS'arar gjer ein oppoffrande jobb og alle som står på den rådande linja, er ikkje like dogmatiske i alle spørsmål. Men dogmatismen kjem til uttrykk som ei LINJE, som går att på veldig mange områder (meir om dette seinare).

Eg meiner ikkje at situasjonen i NKS er svart, det fins positive tendensar og- f.eks. sommarleiren, haustplanen. Men på sikt vil ikkje NKS vere i stand til å bli ei leiande kraft i studentkampen fordi vi har ei feilaktig linje for denne kampen. DEN POLITISKE LINJA ER AVGJERANDE. Så lenge NKS ser på studentane som ei gruppe som skal overbevisast om at dei må bli heilagjeng for arbeiderklassa, og ikkje ei gruppe som utfrå eigeninteresser har objektive interesser av å alliere seg med arbeiderklassa i kampen for sosialismen, kan ikkje vi vinne fleirtalet av studentane for denne sosialismen. Desse grunnleggande skiljelinjene kjem til uttrykk i alle debattane om NKS' oppgaver og studentane sin særleine situasjon. Debattar som er avgjerande for om vi skal spele ei viktig rolle blant studentane.

At dogmatismen har overlevd i NKS, er ikkje tilfeldig. Det har veldig mykje med å gjere at NKS er ei samling intellektuelle. Som studentar har vi liten føling med arbeiderklassas verkelege liv, og vårt forhold til dei blir lett prega av ein litt kunstig og patatt hyldest. Når ein manglar kontakt med verklegheita, må ein ty til revolusjonære fraser- massane må overtydast om vår rette lære. Politikken skal treast nedover hovudet på folk. Dette blir òg vårt forhold til studentane.

Mao skriv i "Korriger arbeidsstilen i partiet": "Det er helt riktig av oss å verdsette intellektuelle, for uten revolusjonære intellektuelle kan ikke revolusjonen seire. Men vi vet alle at det er mange intellektuelle som innbiller seg at de er veldig lærde, og legger seg til høyylærde manerer uten å innse at slike manerer er dårlige og skadelige og til hinder for deres egen utvikling. De bør være på det rene med den sannheten at i virkeligheten er mange såkalte intellektuelle relativt sett uvitende og at arbeidne og bøndene i blant vet mer enn dem." Eg meiner at NKS si halding til studentane blir ramma av Maos drepende kritikk. Studentane skal overbevisast om at vi har rett, og at det viktigaste for dei ikkje er å slåss for sine interesser og lære av det, men å ta eit politisk STANDPUNKT for arbeiderklassa. Vi treng ikkje lære noko av dei, vår rolle er LÆRARENS.

Eg meiner altså at leiningas kurs bryt med den maoistiske

masselinja, og at dette er det mest sentrale spørsmålet i debatten. Eg vil difor først forklare mitt syn på kva masselinje er:

I følge det marxistiske historiesynet er det berre millionmassane som kan gjere revolusjon med utgangspunkt i felles objektive interesser av å slåst mot undertrykkinga. Vår oppgave er å leie denne kampen, vi kan ikkje føre denne kampen for dei.

Måten vi leiar massane på er etter prinsippet: "Frå massane - til massane". Dette prinsippet vart utvikla av Mao. I "Noen spørsmål vedrørende metodene for ledelse" skriv han:

"I alt det praktiske arbeidet partiet vårt gjør, er fra massene, til massene nødvendigvis den riktige formen for ledelse. Dette betyr: Ta massenes ideer (spredte og usystematiske) og konsentrerer dem (forvandle dem gjennom studier til sammenfattede og systematiske ideer), gå deretter ut til massene og propager og forklar disse ideene inntil massene griper dem som sine egne, holder fast ved dem og omsetter dem i handling og prøver riktigheten av dem gjennom slik handling. Sammenfatt deretter på nytt ideer fra massene og gå på nytt ut til massene, slik at de holder fast ved ideene og gjennomfører dem. Og videre på denne måten, om og om igjen i en endeløs spiral, der ideene blir riktigere, mer levende og rikere for hver gang. Slik er den marxistiske kunnskapsteorien."

Dette er eit heilt sentralt element i ideologien vår. Praktiseringa av masselinja knyter oss nær til folk og gjer dei i stand til å gradvis lære meir om samfunnet gjennom sin eigen kamp. Men dette er ikkje NKS-leinga si linje. NKS-linja er "Frå oss - til massane", og "Frå leinga - til medlemmane". Skillelinjene i NKS går ikkje på om studentane er ei særeigen gruppe eller ikkje, men synet på massane, synet på folk i det heile. NKS-leinga utviklar i liten grad politikk og linjer på grunnlag av undersøkingar blant studentane (kritikken av mangel på kontakt med verklegheit). Men dette er logisk sett heller ikkje nødvendig når linja er at studentane først og fremst må overtydast om å skifte standpunkt. Men denne idealismen vil ikkje føre til at studentane sluttar opp om politikken vår. For kva blir konsekvensane av dette? Jau, at sidan det viktigaste er å ha eit korrekt standpunkt, blir den logiske konsekvensen at ein prøver å vere mest mogleg rein og raud. Arbeidet blir misjon, ikkje kampeing. Denne stilen isolerar oss frå massane. Og når studentane ikkje let seg frelse, så er det dei det er noko gale med, ikkje oss.

Innad gjev den feilaktige masselinja seg utslag i ein straum av papirer frå leinga til medlemmane, men få undersøkingar i laga om dei medlemmane er opptekne av eller har meiningar om (den siste undersøkinga er kanskje eit teikn på forandring??) Motsigelsser blir ikkje utvikla, men lagt lok på og stansa opp. Dette viste seg m.a. svært tydeleg på sommarleiren. (At debatten om intellektuelles rolle no skal halde fram, er flott, men det skuldast press nedanfrå og ikkje eit sjølkritisk oppgjer i leinga i synet på motsigelsser. Leinga er redd for linjekamp, dei meiner heile tida til einheit og átvarar mot splitting. Dermed blir filosofien-motsigelssenes rolle eit anna viktig punkt i NKS-leingas feilaktige politikk.

Når det kjem til leinga si rolle i arbeidet vårt, så er det

likevel er store problem i laga, blir det sett i verk kampanjer mot liberalismen. Dette er jo logisk utfrå leiingas ideologi, men desto meir skadeleg når dei verkelege problema skuldast mangel på demokrati og innflytelse, mangel på hjelp og rettleiing i å gjere egne analyser og leie laga, at langvarig kritikk mot leiinga ikkje fører fram o.s.v. A rette skytset nedover i organisasjonen kjenner eg att frå Raud Ungdom i slutten av 70-åra, stadig nye kampanjer skulle rette opp medlemmane sin liberalisme, høgre-avvik o.s.v. I verklegheita skuldast i dei aller fleste tilfelle problema at leiinga har ei feil analyse eller feil linje for å korrigere. Men sentralens metoder gjer at ein fråskriv seg ansvaret og slepp å ta sjølkritikk, jfr. Mari Skåres innlegg i 4.mai nr.4 som er kjemisk fritt for sjølkritisk haldning til utmeldingane.

Når medlemmane blir ein reiskap for å gjennomføre leiingas "korrekte linje", er det og logisk at opposisjonelle blir forsøkt overtydde gjennom personleg press. Dei to utmelde frå sentralstyret har i lang tid blitt utsett for eit knallhardt køyr og personleg forfølgning. I R.U kalla vi dett for "metoden med harde slag". Ikkje det minste rart at dei går lei og tykkjer det er håpløst å jobbe vidare innfor NKS. I staden for at utmeldingane fører til sjølkritisk gransking av eiga rolle får vi denne kommentaren frå Mari Skåre:

"I det noe oppstylta utmeldingsbrevet melder fire utmelde standpunkt som vi har hørt før i debatten, nemlig at hovedproblemet i NKS er at vi mangler en politikk og analyse i samsvar med virkeligheten. Lttet å ha lidd nederlag på Oslo årsmøtet, trekker taperne seg frustrerte tilbake, men passivitet er i hvertfall ikke måten å løse NKS og m-l bevegelsen problemer på." Ei meir bløtete, ovafrå og ned-haldning til enkeltmedlemmar er det lenge sidan eg har lese. Mari, du trakkar på kammeratar som i Årevis har slite reva av seg for NKS! Eg blir kvalm av å sjå slikt på trykk!

Venstre-sekteristane i m-l-rørsla blir ellers kjenneteina av slike ting som:

- Overdreven mistenksomheit mot fraksjonisme og konspirasjon. Ferskt døme er at etter utmeldingane i Oslo har det oppstatt hysteriske rykter om fraksjonisme og hemslege brev.

- Overdreven vektlegging på sikkerheitspolitikken, ser ikkje at sikkerheitspolitikken må tilpassast nivået i klassekampen og graden av forfølgning. Dette har hindra oss i å utnytte fullt ut den legale situasjonen vi er i her i landet. I.d. meiner eg at bruk av dekknamn på lagsmøter og sommerleir er tull i forhold til situasjonen i Norge i dag.

- Vifting med raude flagg og revolusjonære fraser. Her fins det hundrevis av eksempel, men eit illustrerande døme er

vådtaksforlaget om å gjere "Hva må gjøres" til det endå meir sekteriske "Stalinposten".

- Forakt for og motstand mot den nødvendige delen av arbeidet som vi må gjere i parlamentariske organ så lenge dette blir talliate. Å arbeide i kommunestyre eller Storting, er borgarleg ifølge desse folka. Motstanden mot valkamp og parlamentariske arbeid har vore ein alvorleg hemske for partiet lenge, og har hindra oss i å utnytte parlamentarismen til å drive propaganda, aviseringar og klassekamp i desse organa.

Ein illustrasjon på korleis dogmatismen artar seg konkret, er propagandaen. Eg har samanlikna 3 løpeseddlar: RV's 50% kvinneprisar, R.U.'s "Vitnemål for norsk skole", og NKS' "Bli med i NKS - Ein skole i krig". NKS-løpesedeelen skil seg klart negativt ut. Framsida er eit grovt overslag, og kan skreie livskiten av kven som helst. Det er i alle fall ikkje eigna til å minske fordommane mot oss. RV og RU-løpeseddlane inneheld mange konkrete tal, facts og eksempel som gjer at lesaren kan kjenne igjen sin eigen verkleighet. Dei stimulerar til å tenkje sjølv og få eit heilheitsperspektiv på sakene som blir tekne opp. Dei konkrete krava som blir stilt, byggjer på ei analyse av arbeiderklassa eller elevane sine objektive interesser. Og eg trur desse vil oppfatte krava som sine krav (j.f.r Mao: "massene griper dem som sine egne"). Språket er lett forståeleg, lay-out er bra og bilder/tekst utfyller kvarandre. Ingen blir kommunist ved å lese ein løpeseddel, men desse er eigna til å bringe lesaren eit lite skritt på vegen.

NKS-løpeseddelen derimot er som sagt mest eigna til å skreie folk vekk. Innhaldet er prega av eit slags forkorta prinsippprogram der "alt" skal med. Han er overlessa med ailmenne betraktningar, ingen konkrete dømer som lesaren kan identifisere seg med. Språket er tungt og svulstig med mykje bruk av framandord. Ingen tal eller konkrete krav. Få illustrasjonar. Tungt innhald og overlessa form gjer han lite eigna til å trekkje folk nærare oss. (Samanlikn dei 3 og døm sjølv! Eg meiner i alle fall at den/det som har laga dette skrivebordsproduktet, bør ta ein grundig studie på Maos artikkel: "Bekjemp sjablongmessige skrivelier i partisaker". Det er nettopp det det er, sjablongmessige skrivelier!)

Halldor

er følgelig ikke en del av basis" (Å. Egge i Marxistisk Studiebok Tr.1, s.19). Er då heller produktivkreftene ein del av overbygninga eller "nøytrale"? Det første bør vere innlysande feil - det andre er i strid med Marx: "Arbeidets produktivkraft er kapitalens - ikkje arbeidarens produktivkraft..."

(Kapitalen 1) Eit problem med debatten er den manglande analysa av kva produktivkreftene er, og korleis dei utviklar seg. Den kapitalistiske teknologien er utforma for å gje mest mogeleg kontroll over arbeidaren i sjølve produksjonsprosessen - maskiner er samstundes makt! Ingenøren som utviklar teknologi er då og knytta til borgarskapet. I tillegg vert te teknologi nytta til å erstatta menneske med maskiner.

Dette grip ogso inn i NKS sin verkelegheit - vitskapen som produktivkraft. Marx påpeikte at vitskapen endrar seg frå produksjonspotens til umiddelbar, direkte produktivkraft (Kap.1 s.226)

Frå å vere relativ uavhengig av maktforholda i produksjonen vert vitskapen dregen inn i kapitalen si teneste og makt.

Den sosialistiske revolusjonen må stilla spørsmålet om vitskapen sitt forhold til produksjonen og kontrollen over kunnskapen i produksjonen. Dette har vore eit ikkje-tema i debatten.

Lund meiner at spørsmålet om korleis produktivkreftene skal utviklast under sosialismen - er nøkkelspørsmålet for om arbeidarklassen skal verta herskarar eller "produsentar".

Eit spørsmål tilslutt: Korleis skal ein plassera arbeidsdeling mellom åndsarbeid og kroppsarbeid i skjemaet i basis?

x) Henvisning til Kapitalen er Pax-utg.

Gudmund.

Kare Kristiansen hardt ut mot kommunistene:

— INNSAMLINGEN TIL IRA MÅ FORBYS



Alle vettige mennesker bør ta avstand fra innsamlingen til IRA, mener Kåre Kristiansen.

—Innsamlingen
IRA-våpen er noe alle vettige mennesker burde ta avstand fra. IRA må uten tvil betraktes som en terror-organisasjon, og denne aksjonen burde forby.

Dette mener stortingsrepresentant Kåre Kristiansen om innsamlingen som Norges Kommunistiske Studentforbund har satt i gang ved de fire universitetene i Norge.

Medleder i studentforbundet Kjell Strand, benekter at IRA er en terrororganisasjon.

SIDE

Klar tale fra Kåre Kristiansen:

— Alle bør ta avstand fra IRA-innsamlingen

—Innsamlingen til IRA-våpen er noe alle vettige mennesker burde ta avstand fra. IRA må uten tvil betraktes som en terror-organisasjon, og denne aksjonen burde forby.

Dette sier stortingsrepresentant Kåre Kristiansen om innsamlingen som Norges Kommunistiske Studentforbund har satt i gang ved de fire universitetene i Norge.

Medleder i studentforbundet, Kjell Strand, benekter at IRA er en terrororganisasjon.

—Det står ingen ting i IRA sine programmer om angrep på sivile befolkninger, sier han. IRA er en frigjøringsorganisasjon. Og det betyr ikke å kjempe for frihet med fredsfulle midler. Det har historien vist. Derfor støtter vi frigjøringskampen med væpnede midler.

10 august starter Norges Kommunistiske Studentforbund aksjonen til IRA, og haril har de samlet inn 10 000 kroner.

—Dette er først og fremst en politisk handling, sier Strand. Vi mener IRA i frigjøringskampen, deuten ønsker vi å sette Nord-Irland konflikten på dagsorden. Vi minner om gjernene i denne ak-

sjonen er satt i gang for å provosere. Men all debatt er god debatt, sier de to.

—Hvordan skiller dere mellom frigjørings-typer og terror-organisasjoner?

Strategi

—Vi skiller ved å betrakte strategien som blir brukt. For eksempel støtter vi PLO sin frigjøringskamp, mens en organisasjon som kalles og PLSF tar vi avstand fra, fordi de bruker direkte terror mot sivilbefolkningen som strategi. For eksempel flykninger.

—Det er et paradoks når man sier videre på støtte til frigjøringsbevegelser i Sør-Afrika og Algeirien, mens undertrykkelse i vår egen bakgrunn ikke får oppmerksomhet, mener Strand.

Meningssløst

Stortingsrepresentant Kåre Kristiansen, RF, tar sterkt avstand fra innsamlingsaksjonen til IRA-våpen, og mener man bør vurdere å forby den.

—Etter min mening er aksjonen helt meningsløs, sier han til Dagbladet. Jeg ser ikke at IRA kan ha gode, virkelige beviser, men det kan ikke unnskylde hendelser på mennesker som ikke har noe med konflikten å gjøre i det hele tatt. Det er helt uakseptabelt. Det er



—Innsamlingen til IRA-våpen er noe alle vettige mennesker burde ta avstand fra, mener Kåre Kristiansen.

ansvarlige i Algeirien, der grusomme politiske mordene har og begått, og i Sør-Afrika, der

Valgets seierherre?

Jeg sover i 1987 det er en gru.
Valget er over nu.
Hagen har fått seieren i havn.
De andre lo av han.
Men det gjorde ikke jeg.
Jeg synes Hagen er grei.
Hipp hurra for deg.

Men det er mange som er veldig sint
og arrogante.
De fant det.
Hagen på topp en blomsterknopp
som ikke dveler om andre kveler
hans parti.
Hagen er fri til å mene hva han vil.
Hagen er snill.

Jo, jeg tror du kommer langt
for du sier hva du mener
mens de andre holder kjeft om hva du
driver med.
De har så mye større evner
og holder selvsagt kjeft om det.

Men likevel så tror jeg Hagen greier seg
Han er lik meg spiser pølse og brød.
Mens de andre koser seg og tror
Hagen skal dø.

Svein Olav Prestegarden

NB: det er fleire
spørsmål på org-
undersøkinga du
ikkje skal/Areng
Svara på:

Side 1: yrke
framtidig grad.

**- SEND
MER
STOFF!**